



Hå
kommune

HÅ MOT 2036

KOMMUNEPLAN FOR HÅ SAMFUNNSDEL

Vedteken 20. juni 2024

Me løfter i lag



INNHOLD

4	Innleiing
5	Kort fortalt
6	Dei tre berekraftsdimensjonane
8	Me løfter i lag
13	Berekraftig matproduksjon
17	God helse
20	God utdanning
25	Innovasjon, infrastruktur og næringsutvikling
29	Berekraftige stasjonsbyar og tettstader
32	Handling mot klimaendring
37	Kommuneorganisasjonen
47	Langsiktig arealstrategi

INNLEIING

STYRINGSREISKAP

Kommuneplanen er kommunen sitt øvste styringsdokument. Planen fortel korleis me vil at samfunnet skal styrast og korleis areala i kommunen skal nyttast i åra fram mot 2036.

- Samfunnsdelen handlar om kva me skal satsa på i perioden og korleis me skal oppfylla FN sine berekraftsmål.
- Arealdelen viser samanhengen mellom samfunnsutviklinga og korleis me skal bruka areala i Hå i framtida. Her kan du til dømes sjå kor me skal ha bustadområde, næringsområde, vegar, skular og andre tenester.

KORT FORTALT

Planen presenterer sju satsingsområde for Hå kommune basert på FN sine berekraftsmål. Gjennom satsingsområda seier me korleis me vil ha det i Hå.

- Hovudmåla seier kva som er viktig å prioritera i utviklinga av Hå-samfunnet fram mot 2036.
- Delmåla skal bidra til at me når hovudmåla.
- Strategiane viser kva me vil gjera for å nå delmåla.

I tillegg seier planen noko om kommuneøkonomien og kommunen som arbeidsgivar.

DEI TRE BEREKRAFTS-DIMENSJONANE



Sosial berekraft

Den sosiale delen av berekraftig utvikling handlar om å sikra at alle menneske får eit godt og rettferdig grunnlag for eit anstendig liv. Eit velfungerande, trygt og berekraftig samfunn sikrast gjennom gode og helsefremjande buming, nærdemokratiske løysingar og berekraftige og heilskaplege tenester.

Utviklinga av Hå-samfunnet skal legga til rette for tilhøyrslle og gode møteplassar for innbyggjarar, frivillige og næringsliv. Alle innbyggjarar skal ha gode bustad- og leveområde, tilrettelagt for samvær og livsutfolding på tvers av alder, økonomi og kultur, slik at helsefremjande forhold som tryggleik, livsmeistring og fysisk aktivitet utviklast. Det blir lagt vekt på sambruk av kommunale bygg og anlegg.

Miljømessig berekraft

Dei miljømessige hovudutfordringane i Hå er knytte til jordbruk, mobilitet, bustadbygging og befolkningsvekst. Klimatilpassing er samanvevd med fleire av kommunen sine ansvarsområde, og Hå kommune må ta sin del av ansvaret for at samfunnet tilpassar seg klimaendringar.

Økonomisk berekraft

Befolkningsvekst bidreg til utvikling, fornying og mangfold. Nye innbyggjarar betyr auka inntekter, men òg auka utgifter. Hå kommune har gjort store investeringar som legg til rette for vekst. Det har vore omfattande utbygging innanfor skule, barnehage og helse. Det er òg investert i næringsområda Stokkalandsmarka, Tjemslandsmarka og Krusemarka. I tillegg er det blitt investert betydeleg i vegprosjekt, vatn og avløp, og flaumsikring.

Berekraftsmål

Regjeringa har bestemt at FN sine 17 berekraftsmål skal vera ein viktig del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Berekraftsmål skal sikra sosial rettferd, god helse og stogga tap av naturmangfold og klimaendringar.

Kommunen sine evner til å løysa oppgåver i samspel med lokalsamfunnet, nabokommunar og myndigheter er ein viktig del av ei berekraftig utvikling for Hå-samfunnet. Hå kommune har vald ut sju berekraftsmål som satsingsområde for kommunen. På bakgrunn av desse er det laga hovudmål på tvers av tenesteområda. Gjennom samarbeid på tvers av sektorane skal me oppnå den utviklinga me ønsker.

- Me løfter i lag
- Berekraftig matproduksjon
- God helse
- God utdanning
- Innovasjon, infrastruktur og næringsutvikling
- Berekraftige stasjonsbyar og tettstader
- Handling mot klimaendring

SATSINGSOMRÅDE

ME LØFTER I LAG

For å skapa eit velfungerande og inkluderande samfunn er det viktig at kommunen har eit godt samarbeid innan organisasjonen, med næringsaktørar, overordna myndigheter og innbyggjarar.



**17 SAMARBEID
FOR Å NÅ MÅLENE**





Hå kommune har verkemiddel, partnarskap og samarbeid på tvers som sikrar ei berekraftig utvikling.

Delmål

1. Hå kommune løfter i lag på tvers av heile organisasjonen saman med leiatar, medarbeidrarar, tillitsvalde og folkevalde til det beste for innbyggjarane i kommunen.
2. Hå kommune løfter i lag med innbyggjarar, frivillige lag og organisasjonar, næringsliv, statlege og regionale organar og nabokommunar for å oppnå berekraftig utvikling.



Strategiar

1. Hå kommune skal samarbeida i og på tvers av tenesteområda for å gje alle eit godt tenestetilbod.
2. Hå kommune skal vurdera samlokalisering av ulike kompetansemiljø der dette er naturleg for å gje alle eit godt tenestetilbod.
3. Hå kommune skal vera tydeleg i internkommunikasjonen og tilby gode kanalar for medverknad og tilbakemelding internt.
4. Hå kommune skal legga til rette for treffpunkt som bygger lagkjensle mellom tilsette, leiarar og politikarar.
5. Hå kommune skal søka samarbeid med innbyggjarar, frivillige lag og organisasjonar, næringsliv, statlege og regionale organar og nabokommunar for å gjera kommunen til eit godt samfunn å bu og leva i.
6. Hå kommune skal vera tydeleg i kommunikasjonen med innbyggjarar og næringsliv, og legga til rette for gode kanalar for medverknad og tilbakemelding.





SATSINGSOMRÅDE

BEREKRAFTIG MATPRODUKSJON

Som ein av dei største landbrukskommunane i Noreg, har Hå kommune eit særskilt ansvar for mattryggleiken i landet. Kommunen må saman med landbruk-, fiskeri- og havbruksnæringa tilpassa seg eit klima i endring og ta sin del av ansvaret for å redusera klimagassutslepp.

BEREKRAFTIG MATPRODUKSJON



Hå kommune jobbar for å oppretthalda mattryggleiken og fremja berekraftig landbruk.

Delmål

1. I Hå skal me ha ein berekraftig matproduksjon som bidreg til å oppretthalda mattryggleiken i Noreg.
2. Hå kommune legg til rette for berekraftig forvaltning av ressursane på land og til vanns slik at økosystema vert oppretthalde samstundes som krav til produktivitet og produksjon vert tekne i vare.
3. Hå kommune skal støtta ei aktiv landbruksnærings og ein aktiv næringsmiddelindustri der innovasjon og teknologiutvikling står sentralt.



Strategiar

1. Hå kommune arbeider målretta i samarbeid med landbruksnæringa for å bevara matjorda.
2. Hå kommune kjøper helst kortreiste, lokal- og norskproduserte matvarer, der dette kan gjerast i tråd med gjeldande anskaffingsregelverk.
3. Hå kommune arbeider målretta i samarbeid med dei tilsette for å redusera matsvinn.
4. Gjennom opplæringa i barnehagane og skulane i Hå skal barn og unge få kunnskap om berekraftig matproduksjon.
5. Hå kommune framsnakkar lokalt landbruk, fiskeri og havbruk, og legg til rette for innovativ og lokal matproduksjon og -foredling.
6. Hå kommune skal vidareføra arbeidet med å legga til rette for etablering og vidareutvikling av næringsmiddelindustri i Kviamarka.



SATSINGSOMRÅDE

GOD HELSE

Hå kommune skal levera gode og forsvarlege helsetenester til alle, uavhengig av alder og helsesituasjon. Kommunen skal bidra til å utjamna skilnadar i helsetilstanden som kan skuldast sosial og økonomisk ulikskap.



Hå kommune sikrar god helse og fremjar livskvalitet for alle, uansett alder.

Delmål

1. I Hå skal me gjennom førebyggande arbeid med fysisk og psykisk helse og med tidleg innsats fremja god folkehelse, motverka utanforsk og redusera risikoen for sjukdom og tidleg død.
2. I Hå skal innbyggjarane ha tilgang til lovpålagde og naudsynte helsetenester av god kvalitet til rett tid innan forsvarlege rammer.
3. Hå kommune samarbeider aktivt med innbyggjarar og frivillige lag og organisasjonar, for å møta dagens og morgondagens helseutfordringar.



Strategiar

1. Hå kommune skal arbeida for å tilby inkluderande lågterskeltilbod som rekreasjons- og turområde, fritidsklubbar og sosiale møteplassar for barn, unge og vaksne.
2. Hå kommune skal arbeida aktivt for å hindra fråfall i skulen gjennom god dialog og samarbeid med ulike aktørar for mellom anna å motvirka utanforskap og konsekvensar av sosial ulikskap.
3. Hå kommune skal fremja helse og motverka mobbing og krenking i barnehage og skule gjennom tidleg og tverrfagleg arbeid i samarbeid med heimane.
4. Hå kommune skal arbeida med førebygging innanfor fysisk og psykisk helse og rus.
5. Hå kommune skal tilby rett teneste til rett tid gjennom kartlegging av brukarbehov, vurdering av tenester og naudsynt omfang.
6. Hå kommune skal legga til rette for at innbyggjarane kan leva aktive liv og bu trygt i eigen heim så lenge som mogleg, ved mellom anna å tilby tenester med velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering.
7. Hå kommune skal støtta opp om og samarbeida med frivillige lag og organisasjonar for å mobilisera innbyggjarane sine eigne ressursar og nettverk, og tilrettelegga for meistring og samfunnsdeltaking.

SATSINGSOMRÅDE

GOD UTDANNING

Hå kommune skal tilby alle barn og unge eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø som fremjar trivsel og læring. Samstundes er læring ikkje avgrensa til barn og unge, og kommunen skal arbeida for innbyggjarane sine moglegheiter til livslang læring.



4 GOD
UTDANNING





**Hå kommune sikrar inkluderande,
rettferdig og god utdanning og
fremjar livslang læring for alle.**

Delmål

1. I Hå skal me arbeida aktivt for å skapa trygge og inkluderande oppvekstmiljø.
2. I Hå skal alle barn ha tilgang på barnehagar og skular av god kvalitet med høgt fagleg nivå som bidrar til utvikling, læring og tryggleik. Barna skal kjenna tilhøyrsel, oppleva motivasjon og meistring, få trening i sosial kompetanse og sikrast god helse gjennom gode leike- og læringsmiljø.
3. I Hå skal innbyggjarane ha moglegheitene til å tileigna seg relevant kompetanse som sikrar større fleksibilitet i møte med framtidas samfunn og arbeidsliv.



Strategiar

1. Hå kommune skal arbeida for eit godt samarbeidsklima med føresette i skular og barnehagar.
2. Hå kommune skal arbeida for, og prioritera eit mangfold av fritidstilbod for barn og unge.
3. Hå kommune skal arbeida for at elevane i skular og barnehagar når sitt fulle potensiale.
4. Hå kommune skal arbeida for at elevane utviklar kompetanse i samarbeid, kreativitet, kritisk tenking og læringsteknologi.
5. Hå kommune skal legga til rette for variasjon i læringstilnærming og opplæringsarenaar.
6. Hå kommune skal tilby gode, opne og tilgjengelege bibliotek med møteplassar og studierom.



SATSINGSOMRÅDE

INNOVASJON, INFRASTRUKTUR OG NÆRINGSSUTVIKLING

Hå kommune skal legga til rette for innovative næringar og sikra lokal infrastruktur.

Kommunen skal arbeida for tilgang og tilrettelegging av informasjons- og kommunikasjonsteknologi i heile kommunen.

INNOVASJON, INFRASTRUKTUR OG NÆRINGSUTVIKLING



Hå kommune byggjer solid infrastruktur og fremjar eit inkluderande, innovativt og berekraftig næringsliv.

Delmål

1. Hå kommune skal legga til rette for eit attraktivt og innovativt næringsliv som bidreg til arbeidsplassar og verdiskaping.
2. Hå kommune skal vera attraktiv for innbyggjarar og bedrifter, og legga til rette for næringsetablering, omstillingssyktig og berekraftig næringsutvikling.
3. Hå kommune skal legga til rette for, og arbeida aktivt med innovasjon og digitalisering for å gjera tenestene betre og meir tilgjengelege for innbyggjarane.




Strategiar

1. Hå kommune skal arbeida for å sikra god tilgang på tomter til næringsverksemd.
2. Hå kommune skal vidareutvikla allereie etablerte næringsområde.
3. Hå kommune skal jobba for, og samarbeida med næringslivet om, eit styrka og betra kollektiv- og mobilitetstilbod i og rundt tettstadane og næringsområda.
4. Hå kommune skal jobba for «rett bedrift på rett plass», med synergiane dette skaper.
5. Hå kommune skal vera ein god samarbeidspartner med næringslivet.
6. Hå kommune skal tilby gode serviceløysingar, gjera informasjon og tenester lett tilgjengelege, og tenka smart, effektivt og strategisk i høve digitalisering av kommunale tenester.

BÆREKRAFTIGE
BYER OG SAMFUNN

11 BÆREKRAFTIGE
BYER OG SAMFUNN



SATSINGSOMRÅDE

BEREKRAFTIGE STASJONSBYAR OG TETTSTADER

Hå kommune skal planlegga langsiktig, arbeida for sosial balanse i lokalsamfunna, og satsa på innovasjon og ny teknologi i by- og tettstadsutviklinga. Samstundes skal kommunen sikra omsynet til miljøet.


BEREKRAFTIGE STASJONS- BYAR OG TETTSTADER



Hå kommune har inkluderande, trygge
og berekraftige stasjonsbyar og
tettstader.

Delmål

1. I Hå skal me ha berekraftige, attraktive og inkluderande buminiljø.
2. I Hå skal alle innbyggjarar kunna engasjera seg og delta i planlegginga av lokalsamfunnet og kommunen gjennom opne og inkluderande medverknadsprosessar.
3. Hå kommune vil legga til rette for vekst i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka, samtidig som det vert teke omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap.



Strategiar

1. Hå kommune skal ta i vare tettstadane sin eigenart og planlegga for levande lokalsamfunn i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka.
2. Hå kommune skal planlegga for identitetsstyrkande utvikling av sentrumsområda i kommunen med attraktive møteplassar, publikumsretta handels- og tenestetilbod og fritidstilbod til barn og unge.
3. Hå kommune skal planlegga for at innbyggjarane i kommunen får god tilgang på grøne tur- og friområde i nærområda.
4. Hå kommune skal arbeida for eit betre kollektivtilbod som gjer det attraktivt å leva og busetja seg i kommunen.
5. Hå kommune skal arbeida for at alle innbyggjarar vert inkluderte i samfunnet og lokalmiljø.
6. Hå kommune skal vera open, tilgjengeleg og tilby innbyggjarane gode kanaler for medverknad.
7. Hå kommune skal bidra til jordvern, vern av kulturlandskapet og biologisk mangfald gjennom fortetting og høgare arealutnytting.
8. Hå kommune skal ha ei aktiv og strategisk rolle som grunneigar og planmyndighet for å ivareta ei heilsakleg samfunns- og sentrumsutvikling i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka.

SATSINGSOMRÅDE

HANDLING MOT KLIMAENDRING

Hå kommune må arbeida for å rusta areala i kommunen til å tolka konsekvensane av klimaendringane. Kommunen må samstundes gjera tiltak for å redusera eigne klimagassutslepp, og legga til rette for at innbyggjarane kan gjera det same.



13 STOPPE
KLIMAENDRINGENE



11 BEREKRAFTIGE
BYER OG SAMFUNK



HANLING MOT KLIMAENDRING



Hå kommune handlar omgåande for å kjempa mot klimaendringane og konsekvensane av dei.

Delmål

1. I Hå skal samfunnet vera rusta for å stå imot og tilpassa seg klimaendringane.
2. Hå kommune skal planlegga og innarbeida tiltak for å motverka klimaendringane, og tilpassa seg og redusera konsekvensane av dei i samarbeid med innbyggjarar og næringsliv.
3. Hå kommune skal saman med landbruk og anna næringsliv redusera klimagassutslepp gjennom rasjonell utnytting av energiressursar og infrastruktur.



Strategiar

1. Hå kommune skal arbeida vidare med å sikra infrastruktur og tettstadene mot overvavn og flaum.
2. Hå kommune skal vera framtidsretta med omsyn til klimatilpassing i planlegging og drift av bygg og anlegg.
3. Hå kommune skal utarbeida standardkrav for reduksjon av utslepp i anskaffingar, og kommunen sine bilar skal vera nullutsleppskøyretøy der dette er praktisk gjennomførbart med omsyn til funksjon og effektiv drift av tenesteområda.
4. Hå kommune skal arbeida for å auka omfanget av gjenbruk, bidra til styrka sirkulærøkonomi, redusera forbruk ved aukt levetid, vektlegga kvalitet og legga livssykluskostnadar til grunn i anskaffingar i eiga drift.
5. Hå kommune skal legga til rette for kollektivtransport og arbeida for dobbeltspor på Jærbanen slik at det vert lettare å ta miljøvennlege transportval.
6. Hå kommune skal i samarbeid med landbruksnæringa i kommunen arbeida og legga til rette for klimavennlege løysingar i landbruket i tråd med Landbrukets klimaplan.
7. Hå kommune skal legga til rette for næringsareal med energieffektive løysingar og moglegheiter for synergiar mellom verksemndene.



KOMMUNE- ORGANISASJONEN

Hå kommune er ei stor verksemd, og blant dei største arbeidsgivarane, største bygg-eigarane og største innkjøparane i kommunen.

Økonomi



Inntektsgrunnlag

Hå kommune har eit forholdsvis lågt inntektsgrunnlag. Dette skuldast relativt mange unge innbyggjarar med lågare inntekt og høgare gjeld. Kommunen får berre skatt på inntekt og formue frå personlege skatteytarar, selskapskatt er ein rein statsskatt. Det vert kompensert noko for dette gjennom inntektsutjamninga som er eit system for omfordeling av midlar frå kommunar med lågt berekna utgiftsbehov til kommunar med høgt berekna utgiftsbehov. Utjamninga skal gi kompensasjon for skilnadar i utgiftsbehov som kommunane ikkje kan påvirka sjølv. Inntektsutjamninga inneber at summen av skatt og inntektsutjamning for Hå kommune blir omlag 94,5 prosent av landsgjennomsnittet.

Utan eigedomsskatt, og med låge kommunale avgifter, er kommunen sine moglegheiter til å påverka eigne inntekter avgrensa.

Forpliktingar

Stor vekst i folketetalet dei første 15 åra av 2000-talet sette både kommunale tenester og infrastrukturen under press. For å møta den vidare forventa veksten vart det lagt opp til eit stort investeringsprogram. Investeringane omfatta blant anna utbygging av Vigrestad barnehage, Motland barnehage, Bø skule, Ogna skule, påbygg på Varhaug skule og Hå sjukeheim. Det vart òg investert i grunnkjøp og opparbeidning av Stokkalandsmarka, Tjemslandsmarka og Krusemarka. I tillegg vart det gjort betydelege investeringar i vegprosjekt, flaumsikring, vatn og avløp.

Den forventa høge folkeveksten stagnerte kort tid etter, og kommuneøkonomien er i dag prega av store økonomiske forpliktingar.

God økonomistyring

Høgt investeringsnivå med høg grad av lånefinansiering i førre tiår har redusert kommunen sitt økonomiske handlingsrom. Gjennom effektivisering av tenester, rimelege driftsløysingar og varsemd med investeringar og låneopptak framover, kan likevel kommunen påverka den økonomiske handlefridomen.

Gjennom fastsetting av krav til effektivisering og produktivitet i tenestene, i form av årlege målingar og samanlikningar basert på KOSTRA-tal, arbeider Hå kommune fortløpande med effektiv ressursbruk. Løn til dei tilsette utgjer omlag 70 prosent av driftsutgiftene til kommunen. Innovativ drift med god tilrettelegging for oppgåveløysing og prioritering av tidsbruk har difor mykje å seia for kor effektivt kommunen nyttar midlane sine.

Framtidsutsikter

Då statleg styring av kommunesektoren i hovudsak skjer gjennom kommuneproposisjonar og statsbudsjett, er den framtidige utviklinga vanskeleg å føresjå. I motsetnad til langsiktig kommuneplanlegging har desse statlege dokumenta eit kort tidsperspektiv, noko som gjev lite grunnlag for å gå nærmare inn på framtidig økonomisk utvikling.

Av kommuneplanen kan ein sjå kva auka behov det på lengre sikt kan bli for kommunale tenester og infrastruktur. På mellomlang sikt, i 4 års perspektiv, blir utviklinga i kommunen vurdert i økonomiplanane. For å kunna oppretthalda og videreutvikla tenestetilbodet til innbyggjarane er det avgjerande med ein robust og berekraftig kommuneøkonomi.

Målsettingar

Langsiktig og heilskapleg økonomiplanlegging er lovpålagt. Planlegginga skal tuftast på handlingsreglar for driftsbudsjettet, investeringsbudsjettet og finansforvaltinga.

Hå kommune har ei overordna målsetting om at netto driftsresultat skal vera over 1,5 prosent av driftsinntektene. Netto langsiktig gjeld bør vera mindre enn 60 prosent av driftsinntektene. Disposisjonsfond bør vera meir enn 10 prosent av driftsinntektene. Dette er måltal som er nytta av mange kommunar, og difor gjer godt grunnlag for å samanlikna økonomien i Hå med andre kommunar.



Hå kommune skal framleis ha økonomisk handlefridom.

Delmål

1. Hå kommune skal framleis ha god økonomistyring.
2. Hå kommune skal ikkje ha periodar med overforbruk som etterkomarane må betala for.



Strategiar

1. Hå kommune arbeider målretta for å halda netto driftsresultat over 1,75 prosent av driftsinntektene.
2. Hå kommune gjer låneopptak innanfor forsvarlege rammer med mål om å halda netto langsiktig gjeld lågare enn 60 prosent av driftsinntektene.
3. Hå kommune prioriterer å plassera eventuelt driftsoverskot i ubundne fond som sikrar handlefridom og tener som reservekapital.
4. Hå kommune har kontrollert vekst i driftsutgiftene.
5. Hå kommune har kostnadsorienterte prisar og avgifter på kommunale tenester, men tek omsyn til einskilde med svak evne til å betala.
6. Hå kommune vurderer marknadsorienterte prisar der kommunen opererer i ein marknad.
7. Hå kommune arbeider målretta for mest mogleg effektiv ressursbruk.

Arbeidsgivar og teneste- leverandør



42

Samarbeid

Verda endrar seg i eit stadig raskare tempo. Dette utfordrar Hå-samfunnet og kommunen som arbeidsgivar, tenesteleverandør, myndighetsorgan og samfunnsutviklar. Korleis skal me sikra og vidareutvikla gode velferdstenester og ei berekraftig utvikling? Rollene kjem til å verta utfordra framover. Visjonen vår, "Me løfter i lag", har aldri vore viktigare. Samarbeid, innbyggarinvolvering og innovasjon er stikkord. Dei beste løysingane vert skapte i samarbeid med innbyggjarane, dei frivillige organisasjonane og næringslivet. Det same gjeld det verdfulle samarbeidet mellom leiarar, tilsette og tillitsvalde.

Kommunen har lange tradisjonar for innovasjon. Hå er ein innovasjonskommune full av menneske med ein eigen teft for entreprenørskap og gründerverksemd. Steinbukken kom til Jæren i 1835, og vart ein viktig innovasjonsverktøy.

Han rydda det steinete jærlandskapet, skapte arbeidsplassar og var starten på eit industrieeventyr. I dag er Steinbukken det stolte symbolet i kommunevåpenet, og inspirasjon til visjonen "Me løfter i lag". Det er eit privilegium å få vera ein del av denne historien. Hå kommune er full av tilsette som ber med seg denne teften for å finna nye, gode løysingar. Teften for innovasjon og samarbeid. Steinbukken er bygd for to. Det same gjeld for innovasjonsarbeidet og personalpolitikken i Hå. Me kjem lengst om me gjer dette saman. Den strategiske satsinga for å bli betre rusta til å møta utfordringane i framtida har me kalla Framtidsløftet. Det er eit kontinuerleg arbeid med forenkling, fornying og forbetring. Me vil heia fram ein kultur der me stiller spørsmålet «Kvífor gjer me det slik?». Hovudutfordringa er ikkje å starta opp noko nytt, men å slutta og gjera det «sånn me alltid har gjort det».

Verdiane våre

Dei beste løysingane blir skapte i samarbeid med medarbeidarane og innbyggjarane. Derfor vil me i tråd med verdiane våre:

Open

- Legga til rette for meir innbyggarinvolvering
- Vidareutvikla service- og samarbeidskulturen

Driftig

- Rekruttera rett kompetanse
- Gjera leiatar og medarbeidarar rusta for å leia og arbeida på nye måtar

Stolt

- Motivera til kompetanseheving
- Setja innbyggjarar og medarbeidarar i stand til å bruka digitale løysingar



Samfunnstryggleik og beredskap



Kommunen si beredskapsplikt

Forskrift om kommunal beredskapsplikt pålegg alle kommunar å ta i vare befolkninga sin tryggleik. All kommunal planlegging og verksemd må difor ta omsyn til samfunnstryggleik og beredskap.

Dette inneber at kommunen må kartleggja risiko og sårbarheit, førebyggja uønskte hendingar og ha beredskap mot det som likevel skjer. Risiko- og sårbarheitsanalysen til kommunen (ROS-analysen) dannar grunnlaget for det vidare beredskapsarbeidet til kommunen.



Systematisk arbeid

Hå kommune skal jobba systematisk og metodisk for å redusera sannsynet for at uønskete hendingar skjer, og sørgra for at negative konsekvensar av ei krise blir minst mogleg. Kriser skal handterast på lågast mogleg nivå i organisasjonen.

Gode tenester

Velfungerande institusjonar er meir robuste, og gode kommunale tenester er eit viktig verkemiddel for å sikra eit trygt samfunn.

Kommunen skal sørgra for samarbeid og samvirke med andre relevante einingar, instansar og ressursar ved behov.

Gjennom å inkludera og leggja til rette for deltaking for alle, kan kommunen bidra til å redusera sosial uro.

Klimaendringane skjerpar krava til kommunen si planlegging og verksemd, og Hå kommune skal vera rusta til å handtera farar som kan oppstå på grunn av desse.



LANGSIKTIG AREALSTRATEGI

Den langsiktige arealstrategien er bindeleddet mellom samfunns- og arealdelen av kommuneplanen. Strategien er kommunen sin overordna plan for korleis areala i kommunen skal disponerast, og bygger på dei vedtekne satsingsområda for ei berekraftig utvikling.

LANGSIKTIG AREALSTRATEGI

Vern av jord og natur

- Langsiktig grense mellom tettstad- utvikling og omkringliggende landbruksområde for Nærbø, Varhaug og Vigrestad skal respekterast.
- Bustadbygging utan tilknyting til landbruksdrift skal ikke tillatt i landbruksområda.
- Nedbygging av jordbruksareal og natur skal vera minst mogleg. Omdisponering av LNFR-formål til nye utbyggingsformål i kommuneplankartet skal ikke overskrida 30 dekar i gjennomsnitt per år. Midlertidige omdisponeringar reknast ikke med. Ved omdisponeringar der det avsette arealet er vesentleg større enn den estimerte fysiske nedbygginga, kan kommunen nyta estimert nedbygd areal som grunnlag.
- Nedbygging av jordbruksareal til landbruksbygg/-tiltak skal vera minst mogleg.

Sentrum

- Bustadbygging skal skje i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka gjennom sentrumsutvikling, transformasjon og fortetting, med høg arealutnytting.
- Stasjonsbyane og Stokkalandsmarka skal ha levande og attraktive sentrumsområde med gode bummiljø.

Friluftsliv og grøntstruktur

- Innbyggjarane skal ha tilgang på attraktive naturområde og gode turmogleheter i nærmiljøet.
- Me skal arbeida for å etablera samanhengande grøntstrukturar som bind saman viktige målpunkt og bustadområde, kan handtera overvatn, vera flaumvegar og møteplassar i og mellom tettstadane.
- Tilrettelegging for friluftsliv må ta omsyn til landbruk, sårbar natur og landskap.

Turisme og reiseliv

- Område for fritids- og turistformål og fritidsbustader skal hovudsakleg plasserast på Nærland, og utanfor kjerneområde for landbruk sør i kommunen.

Miljøvennleg transport

- Me skal arbeida for miljøvennleg transport og legga til rette for bruk av jernbanen.

Næring


- Me skal legga til rette for næringsutvikling i tilknyting til tettstadene.
- Vidareutvikling av næringsområda for definerte næringsklynger, som Kviamarka, Grødal og Sirevåg.

Råstoffutvinning

- Aniksdal (gnr. 115 bnr. 1) skal vera langsiktig masseuttaksområde i kommunen.
- Masseuttaksområde skal hovudsakleg tilbakeførast til landbruk ved avslutning.

Teiknforklaring

-  Kjerneområde landbruk
 -  Langsiktig grense landbruk
 -  Stasjonsbyar og Stokkalandsmarka
 -  Jernbane
 -  Hovudvegar
 -  Vegar
 -  Næring
 -  Turisme og reiseliv
 -  Råstoffutvinning
 -  Friluftsliv og grøntstruktur



LANGSIKTIG AREALSTRATEGI

50

Vern av jord og natur

Ein viktig premiss for ei berekraftig utvikling av kommunen er å ta vare på matjorda og naturmangfaldet vårt. Strategien inneber at me reduserer nedbygginga ved å ha tydelege mål om bevaring og prioritera strengare.

Jordvernållet er knytt opp mot omdisponering av LNFR-formål i kommuneplankartet, slik at kommuneplanen kan vera eit forvaltnings- og styringsreiskap. Nedbygginga av landbruksareal vert lågare ved å både omfatta jordbruksareal og natur- og friluftsområde. Omdisponering av 30 dekar LNFR-formål i gjennomsnitt per år tyder at det i utgreiingsperioden 2021-2036 kan avsetta 480 dekar nye utbyggingsområde i kommuneplankartet. Ved neste kommuneplanrullering må nye utbyggingsområde difor gjelda etter 2036.

Langsiktige grenser for landbruk skal i størst mogleg grad nyttast for at landbruket skal kunna ha klare rammer for disponibelt landbruksareal innanfor ein 40-årsperiode. Vern av jord og natur betyr at eksisterande utbyggingsområde må utnyttast betre enn i dag.



Sentrum

Satsing på sentrum er ein viktig del av arealstrategien for å realisera eksisterande og framtidige sentrumsplanar. Det inneber at bustadbygging primært skal skje i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka. Strategien knytt til sentrumsområda dreier seg om utvikling av tettstadar med gode kvalitetar og høg tettleik. I sentrumsplanane har det difor vore eit mål å utvikla ein heilskapleg struktur som legg til rette for ei kompakt og funksjonell sentrumsutvikling. Sentrumsområda skal vera klart definerte slik at innsatsen vert konsentrert.

Strategien om levande og attraktive sentrum handlar om å planlegga for menneske og skapa gode møteplassar og byrom, ha ulike funksjonar, og varierte bygg i menneskeleg skala. På denne måten vert grunnlaget for gode buminljø; opplevelingar, mangfald, tryggleik og sosial kontakt i harmoniske omgjevnadar fremja. For å styrka sentrumsområda, må kommunen vera restriktiv med å legga inn

bustadområde utanfor sentrum i kommuneplankartet. Bustadar rundt sentrumskjernen bidreg til meir aktivitet og handel gjennom å trekka folk inn i sentrumsområda. Dette vil kunna bidra til å styrka sentrumshandel og bruken av kulturtilbod og møteplassar i sentrum.

Friluftsliv og grøntstrukturar

Friluftsliv bidreg til god psykisk og fysisk helse. Etablering av grøne samband i og utanfor tettstadane har stor verdi som rekreasjonsområde og møteplass for innbyggjarar og tilreisande. I tillegg kan desse områda bidra til å handtera klimautfordringar, til dømes som sikre flaumvegar. Meir friluftslivaktivitet må ikkje gå på kostnad av den sårbare naturen vår. Det kan vera behov for å legga om eller kanalisera ferdselet til meir slitesterke delområde som ikkje er i konflikt med viktige leve- og hekkeområde for dyr og fuglar, eller verdifull vegetasjon.

Ved neste kommuneplanrulling må nye utbyggingsområde difor gjelda etter 2036.

Langsiktige grenser for landbruk skal i størst mogleg grad nyttast for at landbruket skal kunna ha klare rammer for disponibelt landbruksareal innanfor ein 40-årsperiode. Vern av jord og natur betyr at eksisterande utbyggingsområde må utnyttast betre enn i dag.

LANGSIKTIG AREALSTRATEGI



Turisme og reiseliv

Satsing på fritidsbustadar, fritids-, turistformål og reiseliv skal hovudsakleg skje på Nærland og utanfor kjerneområde for landbruk sør i kommunen. Desse stadene er det god tilgang til natur og friluftsområde, samstundes som konflikten med landbruket er lågare. Reiselivet må samstundes tilpassast og ta omsyn til naturen. Me må difor vera forsiktige med avsetta fleire område til slike formål nær verneområde som til dømes Jærstrendene verneområde. Ogna og Sirevåg skal kunna vera arena for aktivitetar, overnatting, matservering fritids- og turistretta tilbod.

Miljøvennleg transport

Kompakte og berekraftige sentrumsområde bidreg til å redusera transportbehov samstundes som det styrkar kundegrunnlaget og legg til rette for eit betre kollektivtilbod. Strategien handler òg om å utvikla definerte gang- og sykkelnettverk. Dette fremjar moglegheita for miljøvennleg transport som gonge, sykkel og el-syklar.

Næring

Næringsutvikling i tilknyting til tettstadane dreier seg om å kunna bu og arbeida i kvar tettstad og ha viktige næringsområde nært tettstadane. Vidareutvikling av næringsklyngene handlar om å styrka spesialiserte område. Kviamarka næringsmiddelpark styrker landbruks- og matproduksjon i regionen. Sirevåg er regionalt havneområde med fiskeri og sjøretta næring. I og rundt Sirevåg er det større plasskrevjande industri. Næringsklyngene bidreg til innovasjon, styrker kompetansen og rekrutteringa, og skaper framtidssetta næring og arbeidsplassar.

Råstoffutvinning

Masseuttak bidreg til naudsynte byggeråstoff som grus, pukk og naturstein. Masseuttaksområda kjem ofte i konflikt med viktige miljøverdiar som natur, landskap, landbruk og friluftsliv. Kommunen ønsker difor ei styrt og langsiktig utvikling av kvar denne typen aktivitet skal føregå. Aniksdal er peika på som hensiktsmessig langsiktig masseuttaksområde. Andre eksisterande masseuttak i kommunen er likevel ikkje tekne ut. Masseuttaksområde skal i hovudsak tilbakeførast til LNFR-formål etter avslutta drift.

